



Stranda kommune

Møteprotokoll for STRANDA HAMNEVESEN KF

Møtedato: 08.06.2026
Møtestad: Stranda Industrimuseum
Møtetid: Kl 15:00 - 19:30

Leiar for møtet var : Jan Ove Tryggestad

Medlemmer:

Anne Berit Tryggestad
Gro Anita Sve
Inger Helen Abelsen
Joachim Bjørstad Langlo
Ole Jørgen Sve
Stein Lystad
Jan Ove Tryggestad

Andre:

Rita Berstad Maraak

Anna:

Anne Berit Tryggestad fråverande i sakene 026/ 26 og 027/26
Øystein Strand møtte som vara i sakene 026/ 26, 027/26 og 032/ 26

Stranda kommune 25.06.2026

Sakliste

Sak nr	Sakstittel	
025/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
026/26	Stranda hamnevesen - tertialrapport pr. april 2026	
027/26	Stranda hamnevesen - budsjettendring drift og investeringer 2026	
028/26	Geiranger Brygge - status reguleringsplan	
029/26	Stranda hamnevesen - høyring cruiseavgift	
030/26	Orientering pr. juni 2026	
031/26	Stranda hamnevesen - styrets arbeid	
032/26	Stranda hamnevesen - krav om særskilte avtalevilkår for kaiplass, tidsvindu og lading	Ikkje offentleg
033/26	Godkjenning av møteprotokoll	

025/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Hamnesjefen si tilråding:

1. Innkalling vert godkjent
2. Saklista vert godkjent slik ho ligg føre

08.06.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

STHA - 025/26 Vedtak:

1. Innkalling vert godkjent
2. Saklista vert godkjent slik ho ligg føre

026/26 Stranda hamnevesen - tertialrapport pr. april 2026

Hamnesjef si tilråding:

Tertialrapport pr. 30.april 2026 vert godkjent slik den ligg føre.
Tertialrapport pr. 30 april 2026 vert lagt fram for kommunestyret.

08.06.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

Møtebehandling

Tilråding samrøystes til kommunestyret

STHA - 026/26 Vedtak:

Tertialrapport pr. 30.april 2026 vert godkjent slik den ligg føre.

027/26 Stranda hamnevesen - budsjettendring drift og investeringer 2026

Hamnesjef si tilråding:

1. Styret godkjenner endringane i årsbudsjettet for 2026.
2. Driftsbudsjettet vert justert med ein auke i driftsinntekter på 9,5 millionar kroner.
3. Driftsutgiftene vert justerte med ein auke i driftskostnader på 2,4 millionar kroner og ein auke i varekostnader på 280 000 kroner.
4. Avskrivningane vert reduserte med 95 000 kroner på grunn av lågare investeringar.

5. Finanspostane vert justerte med ein auke i renteinntekter på 140 000 kroner og ein auke i rentekostnader på 99 000 kroner.
6. Endra årsbudsjett 2026 vert lagt fram for kommunestyret.

08.06.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

Møtebehandling

Tilråding samrøystes til formannskapet

STHA - 027/26 Vedtak:

1. Styret godkjenner endringane i årsbudsjettet for 2026.
2. Driftsbudsjettet vert justert med ein auke i driftsinntekter på 9,5 millionar kroner.
3. Driftsutgiftene vert justerte med ein auke i driftskostnader på 2,4 millionar kroner og ein auke i varekostnader på 280 000 kroner.
4. Avskrivningane vert reduserte med 95 000 kroner på grunn av lågare investeringar.
5. Finanspostane vert justerte med ein auke i renteinntekter på 140 000 kroner og ein auke i rentekostnader på 99 000 kroner.

028/26 Geiranger Brygge - status reguleringsplan

Hamnesjef si tilråding:

Orientering vert teke til vitande

08.06.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

FRAMLEGG I MØTE

Omforeint framlegg

Norconsult må orientere om reguleringsprosessar i Geiranger, Hellesylt og Stranda i neste styremøte.

Samrøystes

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

STHA - 028/26 Vedtak:

1. 1. Orientering vert teke til vitande.
2. Norconsult må orientere om reguleringsprosessar i Geiranger, Hellesylt og Stranda i neste styremøte.

029/26 Stranda hamnevesen - høyring cruiseavgift

Hamnesjef si tilråding:

Styret i Stranda hamnevesen viser til at Lovvedtak 110 legg opp til eit nasjonalt system for besøksvederlag og cruiseavgift i kommunar med særleg stor reiselivsbelastning, med formål om å finansiere fellesgoder som blir pressa av høgt besøkstal. For kommuner som Stranda er det avgjerande at ei slik ordning blir rettferdig, treffsikker og basert på dokumentert belastning.

Styret peikar på at forslaget slik det ligg no, i hovudsak omfattar overnatting og cruise, og at dette berre fangar opp om lag femti - seksti prosent av dei faktiske turistane. Store grupper som belastar lokalsamfunnet, som busslaster frå andre hamner og gjennomgangstrafikk, fell utanfor. Dette skaper risiko for konkurransevriding mellom ulike typar turistar og mellom kommunar og hamner.

Styret merkar seg at cruiserederia uttrykkjer uro for at krav om cruisevederlag kan påverke val av hamner. Signala frå næringa viser at avgiftsnivå og utforming må vurderast nøye for å unngå utilsikta vridingar. Samstundes er cruise og overnatting blant dei viktigaste næringane i små kommunar, noko verdiskapingsanalysen for Stranda dokumenterer.

Styret understrekar at lova krev at inntektene berre kan nyttast til turistrelaterte tiltak. Dersom ordninga fører til færre besøkande, kan kommunen få noko midlar til investeringar, men samstundes miste inntekter til ordinær drift og svekke grunnlaget for busetnad og næringsliv.

Med denne bakgrunn gjer styret følgjande vedtak:

1. Stranda hamnevesen støttar målet om å finansiere fellesgoder i kommunar med stor reiselivsbelastning, men meiner at ordninga må utformast slik at ho blir rettferdig, treffsikker og basert på dokumentert belastning.
2. Stranda hamnevesen spelar inn til statlege styresmakter at besøksvederlaget bør gjelde alle typar turistar, med **eit fast og moderat beløp per person**, for å sikre legitimitet og likebehandling
3. Styret ber vidare om at kommunen løftar behovet for bompengeløysingar og innkreving på ferjer for å fange opp gjennomgangstrafikk, samt system som sikrar at ingen betaler fleire gonger.
4. Stranda hamnevesen vil halde fram dialogen med cruiserederia for å sikre forutsigbare rammer og unngå utilsikta negative konsekvensar for trafikk og lokalt næringsliv.
5. Dette er Stranda hamnevesen si høyringsuttale til det nasjonale besøksvederlagsarbeidet.

08.06.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

Møtebehandling

Vedtak 4 mot 3 røyster

STHA - 029/26 Vedtak:

Styret i Stranda hamnevesen viser til at Lovvedtak 110 legg opp til eit nasjonalt system for besøksvederlag og cruiseavgift i kommunar med særleg stor reiselivsbelastning, med formål om å finansiere fellesgoder som blir pressa av høgt besøkstal. For kommuner som Stranda er det avgjerande at ei slik ordning blir rettferdig, treffsikker og basert på dokumentert belastning.

Styret peikar på at forslaget slik det ligg no, i hovudsak omfattar overnatting og cruise, og at dette berre fangar opp om lag femti - seksti prosent av dei faktiske turistane. Store grupper som belastar lokalsamfunnet, som busslaster frå andre hamner og gjennomgangstrafikk, fell utanfor. Dette skaper risiko for konkurransevriding mellom ulike typar turistar og mellom kommunar og hamner.

Styret merkar seg at cruiserederia uttrykkjer uro for at krav om cruisevederlag kan påverke val av hamner. Signala frå næringa viser at avgiftsnivå og utforming må vurderast nøye for å unngå utilsikta vridingar. Samstundes er cruise og overnatting blant dei viktigaste næringane i små kommunar, noko verdiskapingsanalysen for Stranda dokumenterer.

Styret understrekar at lova krev at inntektene berre kan nyttast til turistrelaterte tiltak. Dersom ordninga fører til færre besøkande, kan kommunen få noko midlar til investeringar, men samstundes miste inntekter til ordinær drift og svekke grunnlaget for busetnad og næringsliv.

1. Stranda hamnevesen støttar målet om å finansiere fellesgoder i kommunar med stor reiselivsbelastning, men meiner at ordninga må utformast slik at ho blir rettferdig, treffsikker og basert på dokumentert belastning.
2. Stranda hamnevesen spelar inn til statlege styresmakter at besøksvederlaget bør gjelde alle typar turistar, med eit fast og moderat beløp per person, for å sikre legitimitet og likebehandling
3. Styret ber vidare om at kommunen løftar behovet for bompengeløysingar og innkreving på ferjer for å fange opp gjennomgangstrafikk, samt system som sikrar at ingen betaler fleire gonger.
4. Stranda hamnevesen vil halde fram dialogen med cruiserederia for å sikre forutsigbare rammer og unngå utilsikta negative konsekvensar for trafikk og lokalt næringsliv.
5. Dette er Stranda hamnevesen si høyringsuttale til det nasjonale besøksvederlagsarbeidet.

030/26 Orientering pr. juni 2026

Hamnesjef si tilråding:

Orientering vert teke til vitande.

08.06.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

FRAMLEGG I MØTE

Omforeint framlegg

PLUG må orientere om tiltak og framdrift på neste styremøte i august

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

STHA - 030/26 Vedtak:

Orientering vert teke til vitande.

PLUG må orientere om tiltak og framdrift på neste styremøte i august

1. Stranda cruise kai - vedlegg
2. PLUG og ladeinfrastruktur i Geiranger – vedlegg.
3. Styringssystem for kai- og ladeinfrastruktur – har starta arbeidet med å kartlegge behovet for eit AI basert styringsystem for logsistikk

031/26 Stranda hamnevesen - styrets arbeid

Hamnesjef si tilråding:

Utan tilråding

08.06.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

Møtet lukka i medhald av kommunelova § 11-5 3. ledd, offentleglova § 13, forvaltningslova § 13-2

Styret hadde behov for ei intern drøfting av styret og hamnesjef sitt arbeid.

Hamnesjef vart bedt om å forlate deler av møtet

STHA - 031/26 Vedtak:

032/26 Stranda hamnevesen - krav om særskilte avtalevilkår for kaiplass, tidsvindu og lading

Anbefalt tilråding:

Stranda hamnevesen KF må sikre likebehandling, fleksibilitet og forsvarleg forvaltning av knapp infrastruktur. Dei foreslåtte særvilkåra frå GFS går lenger enn det som er forsvarleg innanfor offentleg forvaltning av hamneinfrastruktur. I tillegg har ingen av aktørane per i dag full oversikt over kva **ladebehovet** faktisk vil krevje. Det er nødvendig å byggje opp erfaring på dette området, og det må etablerast eit **AI-basert styringssystem** som kan forenkle og effektivisere styringa av den verksemda hamna skal drive. Eit slikt system bør vere på plass til sesongen 2027.

Alternativ 1: Geiranger Fjordservice vert tilbydd 1-årig standardavtale på lik linje med andre brukarar, med årlig innmelding av behov og årlig vurdering etter objektive kriterium.

Dette gjev:

- likebehandling
- fleksibilitet
- forsvarlig kapasitetsstyring
- rom for å samle erfaringar om ladebehov og trafikkmonster

08.06.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

FRAMLEGG I MØTE

Omforeint framlegg

Geiranger Fjordservice vert tilbydd ei 3-årig standard brukaravtale med faste rutetider på lik linje med andre brukarar.

Dette gjev:

- likebehandling
- fleksibilitet
- forsvarlig kapasitetsstyring
- rom for å samle erfaringar om ladebehov og trafikkmonster
- Avtalen kan reforhandlast dersom føresetnadane vert endra

Samrøystes

Møtebehandling

Stein Lystad erklært inhabil i saka

Rita Berstad Maraak erklært inhabil i saka.

Møtet lukka i medhald av kommunelova § 11-5 4. ledd, offentleglova § 13, forvaltningslova § 13-2

Vedtak samrøystes

STHA - 032/26 Vedtak:

Geiranger Fjordservice vert tilbydd ei 3-årig standard brukaravtale med faste rutetider på lik linje med andre brukarar.

Dette gjev:

- likebehandling
- fleksibilitet
- forsvarlig kapasitetsstyring
- rom for å samle erfaringar om ladebehov og trafikkmonster
- Avtalen kan reforhandlast dersom føresetnadane vert endra

033/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen frå møtet i Stranda hamnevesen KF 23.03.26 vert godkjent slik den ligg føre.

08.06.2026: STRANDA HAMNEVESEN KF

Møtebehandling
Vedtak samrøystes

STHA - 033/26 Vedtak:

Møteprotokollen frå møtet i Stranda hamnevesen KF 08.06.26 vert godkjent slik den ligg føre.